

**From:** Randi Husevåg  
**Sent:** Thu, 20 Jan 2022 11:56:46 +0000  
**To:** Monica Knoblauch Brathaug  
**Cc:** storsteinplassen@gmail.com  
**Subject:** VS: Fortau Kyrkjevegen, på Blindheim-Tynes

Hei Monica

Han ringte i stad. Han fekk ikkje sendt direkte til deg. Kan du svare han ?

Med helsing  
Randi Husevåg  
Økonomimedarbeider  
Nordplan AS  
Tlf. 57 88 55 00

*Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten*

---

**Fra:** Kristen Blindheim <storsteinplassen@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 20. januar 2022 11:09  
**Til:** Randi Husevåg <rh@nordplan.no>  
**Emne:** Fortau Kyrkjevegen, på Blindheim-Tynes

Dette kan vi ordne på en billigere måte med å flytte hovedvegen 4-5 meter vest på denne strekninga de innebær mindre konflikt !

# Uttalelse til oppstart av reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse til arbeidet med reguleringsplanen. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med og danner grunnlag for planforslaget som senere skal behandles av kommunen.

## Uttalelsen gjelder

|                          |                                           |
|--------------------------|-------------------------------------------|
| Navn på reguleringsplan: | Detaljregulering fortau Blindheim - Tynes |
| Planident:               | 15282022001                               |
| Kommune:                 | Sykkylven                                 |

## Forslagsstiller er

|                      |                   |
|----------------------|-------------------|
| Navn:                | Sykkylven kommune |
| Organisasjonsnummer: | 964980365         |
| Kontaktperson:       | Bjarte Hovland    |

## Plankonsulent er

|                      |                           |
|----------------------|---------------------------|
| Navn:                | NORDPLAN AS               |
| Organisasjonsnummer: | 925768480                 |
| Kontaktperson:       | Monica Knoblauch Brathaug |

## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid er mottatt av

|                |                    |
|----------------|--------------------|
| Navn:          | SØRGÅRD SVEIN TORE |
| Telefonnummer: |                    |
| E-post:        |                    |

Du kan skrive din uttalelse til reguleringsplanarbeidet i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Eg er sikkert blind, men eg klarer ikkje å sjå kor mange meter frå vegen kommunen vil ha? Opprinnelig var det 6meter inn frå vegen, mens eg seinere tid har høyrte 3 og 4meter. Eg skal sette opp gjerde i Mai, og håper i god tid før Mai får vite kor mange meter inn gangfeltet skal vere.

I tillegg har eg ikkje fått svar ang kvadratmeterpris. Dette vonar eg er i orden i god tid før oppstart.

## Signert av

SVEIN TORE SØRGÅRD på vegne av SØRGÅRD SVEIN TORE

18.01.2022

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

18.01.2022 15:11:08 AR469906498

Sykkylven kommune

Tekniske tenester

## **Oppstart grunntingingar for gang/sykkelveg frå Tynes og nordover. Innspel frå eigar av gnr 18/145.**

---

Viser til telefonsamtale for nokre dagar sidan, med påminning om at kommunen ynskte skrifteleg svar på brevet.

I telefonsamtale i mars gav eg uttrykk for at eg såg behovet for tiltaket, særleg med tanke på skuleelevar som må ut i bilvegen frå Tynesvegen og utover. Med eit positivt utgangspunkt hadde eg likevel nokre synspunkt om planane og gjennomføringa:

1. Eg forstod ikkje at gangvegen berre skulle byggjast nord til Hydrostasjonen. Det må no verte ei klattløyising som ikkje er tilfredsstillande. Utifrå siste telefonsamtale forstod eg at dette no var endra, med fullføring ut til eksisterande gangveg nord for Hydro.
2. For alle grunneigedomane som vert berørt av tiltaket, også mitt areal, vil nok inngrepet med ein gang/sykkelveg etter eksisterande planar, verte vurdert som stort. Grunnen er den knappe avstanden frå Kyrkjevegen og bak til tomtegrense/skråning. Dersom det kunne veljast ei "fortauløyising" - slik det vart gjort for Øvre Tynesveg, vil eg tru at grunntingingane ville letne monaleg.
3. Så nemnde eg også at avslutninga av gangvegen langs Øvre Tynesveg, har fått ei underleg utforming som gjer at kurvaturen til Kyrkjevegen vert heilt unaturleg. Eg kan ikkje forstå at eg er den einaste som reagerer på på dette når ein kjem i bil frå sør. Med litt jobbing med gangvegen (også i vertikalplanet), må det vere råd å samordne den med nedste del av Ulvsbakken. Dermed kan ein unngå at den gjer ein krok ut i det som eigentleg er del av køyrebana for Kyrkjevegen.

Reknar med at det må verte råd å verte samde om ein høveleg erstatning for grunnen. Eg tek det for gitt at erstatning pr kvadratmeter vert lik for alle grunneigedomane.

Ser fram til positivt framhald og avslutning på tingingane for alle partar.

m.v.h.

Henrik Schmidt

# Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid

**Plannavn:** Detaljregulering fortau Blindheim - Tynes

**Arealplanid:** 15282022001

**Frist for innspill:** 02.03.2022

**Altinnreferanse:** AR469853770



## Svar fra mottatte parter:

**Navn:**

SCHMIDT HENRIK WILHELM

**Telefon:**

46761928

**Epost:**

henrik.hensch@gmail.com

**Uttalelse**

Eg har tidlegare sendt inn nokre merknader til melding frå kommunen om oppstarting av tingingar om grunn til ny gang/sykkelveg på aktuell strekning. Viser til denne og ser at merknadane mine ( og sikkert andre sine), i det vesentlege er teke omsyn til, når det no er sendt ut varsel om omregulering/detaljregulering av fortau langs Kyrkjevegen på den aktuelle strekninga. Dette er eg sjølv sagt godt nøgd med og ser fram til eit godt samarbeid vidare i planprosessen. Eg vil tru at det som er nemnt under Tema-avsnittet i møtereferatet(vedl 4), vert særleg interessant for meg. Har mellom anna ei oppa grov på min eigedom som går under Kyrkjevegen. Nyttar høve til å kome med eit innspel som ikkje gjeld meg som grunneigar, men som eg synest har generelle interesse for trafiksikkerheit. Formelt er vel dette kytt til vedlegg 4 om planavgrensing og gjeld samankopling mellom det nye fortauet og det eksisterande som går langs Tynesvegen. Eg håper at planavgrensinga ikkje er til hinder for at det vert sett på samangopling av fortaua her. I tidlegare innsendte merknad har eg også nemnt den avslutninga som fortauet frå sør har fått. Reknar med at ei god teknisk løysing her er enno viktigare for grunneigarar og brukarar av den bratte Ulvsbakken. mvh Henrik Schmidt

**Vedlegg til uttalelsen**

Vedlegg\_SCHMIDT HENRIK WILHELM\_0\_Gangveg - svar.pdf

---

SYKKYLVEN ENERGI AS

**Uttalelse**

For Sykkylven Energi og Straumen Nett sin del så kan det vere aktuelt å skifte ut avløpsleidninga som går i trasseen, samt legge rør for straum og fiberkabel.

---



## Statens vegvesen

NORDPLAN AS  
Postboks 224

6771 NORDFJORDEID

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
22/14178-2

Deres referanse:  
Monica Knoblauch  
Brathaug

Vår dato:  
11.02.2022

### Uttale til varsel om oppstart – detaljregulering fortau Blindheim–Tynes – Sykkylven kommune – PlanID 15282022001

Vi viser til brev datert

#### Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for fortau i steden for gang- og sykkelveg langs Kyrkjevegen mellom kryssene med Tynesvegen og Blindheimsvegen.

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

#### Statens vegvesens innspill til planforslaget

Et fortau er en løsning som hovedsakelig er ment for gående, men syklistene kan benytte det på gitte vilkår i henhold til trafikkreglene. Da det på den øvrige strekningen langs Kyrkjevegen allerede er bygd gang- og sykkelveg, finner vi det uheldig å legge inn et slik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

systemsifte på en strekning på ca. 250 meter. Vi ser imidlertid at det på grunn av terreng og bebyggelse langs vegen kan være vanskelig å få til en gang- og sykkelveg i henhold til normalkravet, men ber om systemløsningen vurderes i planarbeidet og at ulike alternativer vurderes.

Vi ber om at håndbok N100 og N101 legges til grunn for planarbeidet.

### **Konklusjon**

Vi viser til overnevnte og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN



NORDPLAN AS AVD ÅLESUND  
Notenesgata 14  
6002 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Sykkylven kommune

### Eigedom 18/168 mfl - fortau - Blindheim - Tynes - kv1046

### Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Nordplan AS varslar på vegne av Sykkylven kommune oppstart av reguleringsplanarbeid for etablering av fortau ved kv1046 Blindheim – Tynes.

I gjeldande reguleringsplan er det avsett areal til gang og sykkelveg. Det er ønske om å endre dette til fortau fordi gang og sykkelveg er mykje meir plasskrevjande. Ved etablering av fortau kan ein minimere inngrepa i eigedomane langs den kommunale vegen. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

«*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren



er knytt til delen om klimatilpassing i «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*».

### **Universell utforming**

Prinsippet om universell utforming skal takast i vare i planlegginga, jamfør plan og bygningslova § 1-1. Vi ser at det er intensjon om å følge opp dette i planarbeidet.

### **Konklusjon**

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
STATENS VEGVESEN  
NVE VEST  
SYKKYLVEN KOMMUNE

Postboks 2500  
Postboks 1010 Nordre Ål  
Naustdalsvegen 1B  
Kyrkjevegen 62

|      |             |
|------|-------------|
| 6404 | MOLDE       |
| 2605 | LILLEHAMMER |
| 6800 | FØRDE       |
| 6230 | SYKKYLVEN   |

Nordplan as, avd Ålesund  
Notenesgata 14  
6002 ÅLESUND

**Vår dato:** 28.02.2022

**Vår ref.:** 202201828-2

**Dykkar ref.:** Monica Knoblauch Brathaug

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande  
22 95 95 45/ojs@nve.no

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes i Sykkylven kommune**

Vi viser til brev datert 18/.01.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan frå gang- og sykkelveg til fortau ved kv1046 Blindheim – Tynes Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere ei fortausløyising langs Kyrkjevegen.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **Konkrete innspel**

#### *Grunnforhold*

I regi av NVE er det gjennomført kartlegging av fare for store kvikkleireskred i Sykkylven kommune. NVE rapport [66/2019](#) er tilgjengeleg på nettsida til NVE. Resultat frå kartlegginga er tilgjengeleg i ei eiga [kartløyising](#) i tillegg til at omriss av kartleggingsområdet er vist i [NVE Atlas](#). Områda som er vurdert med fare eller potensiell fare kan lastast ned for import til andre kartsystem. Råd for oppfølging i plan- og byggesaksarbeid er skildra i rapporten kapittel 7.

I skissert planområde er det kartlagt aktsemdsområde for marin leire og aktsemdsområde for områdeskred av kvikkleire. Vi viser til prosedyre som er skildra i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kap. 3.2 for tilstrekkeleg avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire. For aktsemdsområde for marin leire som ligg utanfor aktsemdsområde for områdeskred, er det vurdert at fare for områdeskred ikkje er reell. Det kan likevel vere utfordringar med stabilitet av byggegrunn, og NVE rår til at det vert kravd ansvarsrett for geoteknikk (RIG) i byggesaker.

**Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

**NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

Nordplan as, avd Ålesund

**Kopimottakarliste:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
SYKKYLVEN KOMMUNE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

NORDPLAN AS  
Postboks 224  
6771 NORDFJORDEID

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:                       | Vår saksbehandlar:            | Vår dato:  |
|-------------|--------------|--------------------------------|-------------------------------|------------|
|             | 18.01.2022   | 5382/2022/REGULERINGSPLAN/1528 | Ingeborg Forseth, 71 28 01 55 | 01.03.2022 |

## Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for fortau på Blindheim - Tynes - fråsegn ved varsel om oppstart

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld detaljregulering for fortausløysning langs Kyrkjevegen, kor ein ønskjer å endre gang- og sykkelveg til fortausløysning i den nye planen. Dette er grunna i at ein ønskjer å minimere inngrepa i eigendommene langs strekninga.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeide om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.

#### Kulturminne frå nyare tid

Ut i frå kart, ser det ut som tiltaket ikkje kjem i konflikt med kulturminner frå nyare tid. Vi ber samstundes tiltakshavar å vere merksam på at det er ein eldre kalkovn på Blindheim, og ber tiltakshavar varsle fylkeskommunen dersom tiltaket endrar seg slik at kulturminnet kan bli berørt.

## **KONKLUSJON**

Ber om at merknadene ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 98 63 17 74  
Kulturminne frå nyare tid: rådgivar Anna Eline Eneberg, tlf. 71 28 02 94

Kopi:  
Sykkylven kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
NVE